

# HARDANGERVIDDA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

[www.hardangerviddagrunneigar.no](http://www.hardangerviddagrunneigar.no)

[nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

**HG-NYTT**

Nr. 42, desember 2019

Red.: Nils Bjørn Vistad

10.12.19

## ***Styremøte 22.11.2019***

I samband med det faste haustmøtet (fagmøtet) for Hardangervidda, hadde HG som vanleg styremøte fredag ettermiddag.

Fullt møtereferat er sendt alle medlemmer, slik at ein her bare summarisk nemner sakene.

- Orientering frå fellesmøte på Skinnarbu 13.-14.11.19: Ny forvaltingsplan, ordførarmøte, rapport frå Fylkesmannen, synsstader frå «bruakerane» av H. vidda, betydeleg kalvemanko og ørekyteutbreiing.
- Styresamansetjing i HG – Endring som fylgjer av kommunesamanslåing av Odda og Ullensvang.
- Reduksjonsavskyting av elg og hjort i 10 nabokommunar til kommunane berørt av «Nordfjella». Bestandshalvvering, tidlegare jakt og januarjakt.
- Fokusområder: Villreinsenteret på Skinnarbu arbeider med kartfesting og tiltak i områder av særleg viktig tyding og sårbarheit for villreinen. Jfr. heimesida [www.villrein.no](http://www.villrein.no)
- Heimesida til HG: Oppgradering/komplettering. [www.hardangerviddagrunneigar.no](http://www.hardangerviddagrunneigar.no)
- Diverse: Kontingentrestansar. Upresis omtale av ulike villreinområder i Norge (inklusive Hardangervidda).

## ***Fagmøte 23.11.2019 – Eidfjord (godt frammøte)***

Aktuelle fagtemaer til orientering og handsaming:

- Fellingsresultat og jakt-oppsummering etter hausten 2019
- Erfaringar med fredingssonene
- Oppsynsrapport (SNO og Politiet)
- CWD (kunnskap og prøveinnhenting).
- Kalve- og strukturtelgjing.
- Nytt frå Miljødirektoratet.
- Ferdelsreguleringsprosjektet v/NINA.
- Prioritering mellom turisme versus villrein.
- DNT (turistforeningen) – Aktivitet og planer framover.
- Paneldebatt om villrein og turisme.
- Fotråte (jfr. stor kalvemanko).

Hans Jørgen Jahren (sekr. Øvre Numedal Fjellstyre) trakk opp debatten om turisme og villrein, med noko «brodd» mot turismen, medan Jan Erik Reiten (DNT) stod for motsvaret: Han vekta sterkt DNT's vilje til hensynstiltak ved vesentleg interessekonflikt.

Det vart til dels litt «heit» debatt om temaet i salen, som omfatta **nærpå 90 deltakerar!!**

## **Fellingsresultatet hausten 2019**

Som kjent vart det i Villreinnemnda vedtatt ei kvote i vår på 6000 bukk,- bukk  $2\frac{1}{2}$  år og eldre. Vedtaket vart formelt påklagt av Odda og Røldal Fjellstyrer og støtta av ei rekke valdinteressenter m.v. Saka vart handsama på nytt i eit maimøte i Villreinnemnda og så oversendt Miljødirektoratet,- som støtta opprinnleig vedtak.

Før jakt antok Villreinutvalet at fellingsprosenten ville ligge på 20 – 30 %, men helst ned mot det lengste talet. Resultatet viste eit samla uttak på 1354 dyr, om lag 22,5 %. Herav 1241 bukk og 107 fallvilt. Flest dyr fall i Vinje (394 stk, mest ein tredjedel).

Erfaringar med bare bukkekort:

- **Jegerane løyste oppgava bra**
- **Lite feilskyting**
- **Stort sett positive jegerar**

Samla sett er prøvetakingserfaringane gode (ttotalt ca. 1200 prøver):

- hjerneprøver av 92-97 % av alle dyr
- lymfeknuteprøver av 77 % av alle dyr
- god prøvetaking generelt (rett uthenting og innsgiving)
- noko skort på registreringane (for dårlig merking)

**Der var ingen positive prøver!**

## **Korleis auke verdien av prøvene?**

Hildegunn Viljugrein frå Veterinærinstituttet presiserer følgjande:

- Fleire lymfeknuteprøver
- Rask forsending av prøver
- Unngå frysing av prøvene
- Større presisjon på info. om aldersklasse og kjønn på prøvene,- i det heile betre «registrering»

På Hardangervidda vil ein helst ha 100 % vissheit om fråvere av CWD. Gjennom modellrekningar oppnår ein slik teoretisk dekning gjennom tilstrekkeleg stort prøveantall på rett slag dyr (eldre bukk primært). Kravet er 90 % sikkerheit innan 2 år (fyrste år var nå i 2019).

Status:      Pr.2018      Ca. 68 %  
                Pr.2019      Ca. 85 % (mykje bra!)

Det er likevel noko usikkerheit, grunna:

- Modellen er litt «usikker»
- Det er behov for løpende kontroll og justering (dette kan og endre prosentoppfyllinga)

***På direkte spørsmål til Mattilsynet/Veterinærinstituttet om ein hadde «ein plan» dersom CWD vart påvist på Hardangervidda, var svaret eit klart nei!. Det har ein ikkje!  
I mars 2017 stillte underteikna same spørsmålet til Mattilsynet/ Veterinærinstituttet under eit info.møte i Kongsberg,- og svaret var plent det same som nå, 2 1/2 år etterpå (det vart for mentalt krevande å konkludere før ein eventuelt bare må dette).***

Sekretær: Nils Bjørn Vistad, tlf.90033113, [nbjoer-v@online.no](mailto:nbjoer-v@online.no)

---